

Referat FAU-møte 8.september 2016

Tilstade på møtet: Rektor Monica Th. Waage, Bodil Kaland 3.kl, Kristin Tredal 1.kl, Elin Gaulen 2.kl, Charlotte Grimstad 6.kl, Vidar Gjerstad 4.kl, Trygve Kvalvåg 7.kl og Kristine Lunde 5.kl.

Dette er FAU med vara for skuleåret 2016/2017.

	FAU-representant	Klassekontakt/vara i FAU
1.	Kristin Tredal	Eli Sletten Solsvik
2.	Elin Gaulen	Randi Haukeland
3.	Bodil Kaland	Renate Treland
4.	Vidar Gjerstad	Kenneth Refsdal
5.	Kristine Lunde	Tore Gjerstad
6.	Charlotte Grimstad	Janne Rabben
7.	Trygve Kvalvåg	Terje Fyllingsnes

7/16 : Konstituering av nytt styre

Erlend Vakt skjold sluttar.

Kristine Lunde blei valgt som leiar og Vidar Gjerstad blei valgt som skrivar.

8/16: Oppdatering om kantine-prosjektet.

Rektor låg fram forslag om lyd-dempingsplater med trykk, prisane varierar frå 1500 til 3500 i forhold til størrelse. Vi blei einige om å gå for ein slik løysing, men vi må først høyre med styret om kva midlar dei kan stille med. Kristine og Vidar ser på løysing og pris. Det må då samstundes kjøpast inn lerret som kan dragast ned i front av platene.

Det er og ønske om innkjøp av nye bord i kantina. Bord som lett lar seg flytte på og som ikkje er for dyre. Dette kan ikkje besluttast før me har fått tilbakemelding frå styret om midlar. Kristine og Vidar kan sjå på løysing og pris her også.

Bingokvelden gjekk heilt supert, me fekk inn ca 8200 kr. Tilbakemeldingane var berre gode. Lurt å dele opp i to grupper, det blei lettare å inkludera nye foreldre/ungar og bli bedre kjent.

9/16: Juleavslutninga

Me vil ha denne festen i uke 49, 6. eller 7. desember kl 17:30 til 19:30. Monica får først klarsignal på dato og klokkeslett frå lærargruppo, deretter bestillar Bodil ungdomshuset hjå Kristian Konglevoll. (avtalar pris)

Me vil gjerne ha samme løysing med program og matopplegg som i 2015. Kristine sitter med oppsettet.

10/16: Foreldrestyrt dag

Dette prøvar me å få til 05.april. Detaljeplanlegginga tar me på seinare møter, men idear så langt er jogge/turdag, sykkeldag, samarbeide med saniteten og muligens få besøk av politiet. Alle tenker på dette til neste møte. Viktig å være tidlig ute med info slik at vi får nok foreldra til å stille på dagtid.

11/16: Nasjonale prøvar/Elevundersøkelsen

Dei nasjonale prøvane er gjennomført. Når resultatane kjem skal rektor først gå igjennom resultatane i sine lærargrupper og samarbeidsutvalet før Fau får innsyn, slik er regelverket tolka i forhold til m.a. teiingsplikta.

Elevundersøkelsen skal gjennomførast på onsdag 9.11. Det er 5 til 7. klasse som deltek. Rektor har erfaring med at enkelte av spørsmåla i slike undersøkingar er vanskeleg å forstå for elevane, at det kan verta ein del tipping/"eg berre svarar noko", svar. Derfor må resultatane etter undersøkinga tolkast nøye. Og muligens kan ein ikkje vektlegge enkelte svar for mykje.

12/16: Anna

a. Parkering

Større parkeringsløyising jobbar styret vidare med.

b. Vennebenken

Trygve leverar vennebenken til Elin som skal male og skrive på den.

c. Nye elevar

Rektor informerte om at klasselister blir oppdatert med nye elevar så snart samtykke er gitt frå foreldrene.

d.) Temakveld for foreldre

Denne kvelden vil me ha i lag med Myking foreldra på Myking skule ein gong i mars. Kristine informerar FAU der, dei bestemmer dato og tidspunkt. Me ønskjer foredrag frå *Barnevakten.no* om temaene:

Smart på nett og mobil
Skjermtid

e.) Elevrådsmøte

Elevane ønskjer at me lagar til karneval i februar. Dette planlegg me vidare på neste møte

f.) Bursdagsgjennomføringar

Det har i den siste tida vore diskutert forskjellige løysingar på bursdagar og presangløyisingar i dei forskjellige Facebook klasse-gruppene. FAU vil ikkje komme med noko "regelverk" på dette. Foreldre må få bestemme dette sjølv, **men** me vil komme med en uttalelse der me poengterar viktigheten med at det aldri må stå ein igjen (i ein klasse/gruppe) utan innvitasjon!

Neste møte blir 28.11.16 kl 17.30 til 19:30

Vidar Gjerstad
07.11.16 Hundvin